

Referat - Voss Reiselivsråd

Dato: 12.06.2024

Stad: Scandic Voss

Tid: 08.30 -11:00

Til stade:

Hanne Heggen Hedenstad, (Voss Resort)
Frode Solbakk (Voss Active)
Tor Andre Villmones (Scandic Voss)
Berit Lunde (Park Hotel Vossevangen)
Tine Schjønhaug Kjosås (Hardanger og Voss museum),
Iselinn Tho Tønjum (Fleischer's Hotel AS)
Helene Bjørnø (Norway's Best)
Sigmund Vereide (dagleg leiar i Hardanger og Voss Næringshage AS)
Gry Bystøl (leiar Visit Voss)

Fråfall: Øystein Ormåsen (Wild Voss)

Ny konstituering av reiselivsrådet

Voss Resort har bytt representant i reiselivsrådet. Hanne Heggen Hedenstad har avløyst Hege Magnusson. Hege Magnusson var leiar i reiselivsrådet då ho gjekk ut. Etter oppfordring frå Hanne Heggen Hedenstad vart reiselivsrådet konstituert på nytt, og Frode Solbakk (Voss Active) har no teke over som leiar for reiselivsrådet.

Ordinere saker

03-24: Ny avtale med TV2 /Seefood ift «Kompani Lauritzen» samt «Kompani Tropp»

Innleiing

Hardanger og Voss Næringshage AS / Visit Voss har ein sponsorkontrakt med TV2 som regulerer vårt bidrag til innspeling av «Kompani Lauritzen» sesong 5 samt «Kompani Tropp» sesong 3. I avtalen ligg det også ein intensjonsavtale, for begge partar, om å vidareføre samarbeidet i minimum to sesongar til (totalt tre sesongar).

TV2 og produksjonsselskapet (Seefood AS) ynskjer no å vidareføre avtalen, og skrive ny sponsorkontrakt for år 2. Dei legg til grunn fylgjande finansieringsplan, som låg til grunn for intensjonsavtalen om vidareføring av samarbeidet.

		Reiselivet	Næringsliv elles	Voss herad
År 1	2 500 000	833 333	833 333	833 333
År 2	1 700 000	566 667	566 667	566 667
Å 3	1 700 000	566 667	566 667	566 667
Totalt	5 900 000	1 966 667	1 966 667	1 966 667

Vedtak

Reiselivsrådet ynskjer å inngå ny kontrakt med TV2 / Seeefood AS om produksjon av «Kompani Lauritzen» sesong 6 samt «Kompani Tropp» sesong 4. Reiselivsrådet gjev administrasjonen i oppgåve å utarbeide ein ny avtale i samarbeid med TV2 / Seeefood AS. Reiselivsrådet skal få ny atale tilsendt for gjennomgang før denne vert signert.

Reiselivsrådet vil ha desse punkta inn i ein ny avtale:

- Innspeling utanfor Voss herad skal godkjennast av reiselivsrådet, og reiselivsrådet skal då ha moglegheit til å be om bidrag frå eventuelle eksterne kommunar.
- Ein av profilane i produksjonen stiller ein gong i året opp på medlemsmøte til Visit Voss

Andre punkt

- Viktig å lande datoat for innspeling i 2025 snarast mogleg, slik at hotella får haldt av kapasitet.
- Reiselivsrådet tykkjer at ein har hatt god dialog med Seefood AS og fått spele inn på lokasjonar etc

04-24: Status medlemsrekruttering

Administrasjonen har jobba med å få inn nye medlemsbedrifter og samarbeidspartnarar (sjå oversikt).

Administrasjonen har også oppdatert medlemsavtalen for ordinert medlemskap i Visit Voss og laga ein ny samarbeidsavtale for verksemder som ikkje er «ordinere» reiselivsbedrifter.

For nye medlemmer er minsteprisen satt til 7500,- , dette har me ikkje fått negative kommentarar på frå nye medlemmer. Dette bør innførast for alle med minstepris frå 01.01.2025. Innslagspunkt for omsetningsbasert medlemskap er ved minstepris på 7500,- på 2,5mill.

Administrasjonen jobbar med å gå igjennom alle medlemsavtalar, for å sjå om det er nokon som er fakturert minstepris som må over på omsetjingsbasert.

Det er også nokre medlemmer som har fått ein «introduksjonspris» ved inngåing av medlemskap i 2023, dette må justerast slik at dei betalar full pris i 2024.

Dette vert justert ved andre gongs fakturering i september.

Reiselivsrådet gjorde i desember 2023 fylgjande vedtak:

Vedtak i sak 20-23 (Reiselivsrådsmøte 14.12.2023):

Reiselivsrådet er innstilt på å justere opp medlemsbidraget, men ein ynskjer ein større innsats for å få inn fleire medlemmer fyrst. Altså, spleiselaget må bli større før Reiselivsrådet vil gå inn for auka medlemsbidrag, og medlemmene i Reiselivsrådet er innstilt på å gjere ein innsats her.

Administrasjonen bør sjekke opp i kva som er innslagspunkt for omsetningsbasert medlemskap, for å sjå om det er nokre som betalar minstebidrag som burde betale meir

Vedtak

Reiselivsrådet ber administrasjonen halde fram arbeidet med å rekruttere fleire medlemmer. Reiselivsrådet vil aktivt bidra med å framsnakke medlemskap i Visit Voss til aktuelle bedrifter. Reiselivsrådet vil hausten 2024 handsame eventuelle nye satsar for medlemskap i Visit Voss, slik at desse kan effektuerast frå 01.01.2025.

Nye ordinere medlemsbedrifter 2024

Hardangerfjord Adventure
Voss Utfersdslag
Frukt- og siderruta
Sprilt AS
Wild Sauna Norway
Kvanndal Camping
Nye samarbeidspartnarar
Måkestad AS
Seimen AS
HMV Voss

05-24: Samling med DL og styreleiar i Hardanger og Voss Næringshage september 2024

Reiselivsrådet må finne dato i september 2024, samt gi innspel til agenda for denne dagen.

Innspel om at ein må sette av meir enn 1,5 time til diskusjon /workshop.

Reiselivsrådet ynskjer at samling i Ulvik vert lagt til Veke 40 (30. sept-4. okt).

06-24: Orienteringssaker

- Turistinformasjonen i sommar. Produkt, bemanning og åpningstider

Turistinformasjonen er open: Juni – august: 8.30-18.00 (alle dagar). September 9.00-16.00 (alle dagar), oktober reduserte opningstider

Juni – august , er det to på jobb heile tida.

- Hike & Bike, internasjonal workshop på Voss i september, status påmelding og program.
- Visningsdag saman med Vy og Ekstremспортveko 27. juni
- Tour of Norway

Reiselivsrådet sender ein felles attendemelding til Tour of Norway, medlemmene i

Reiselivsrådet som har innspel sender desse til Gry, som samanfattar dette i eit felles brev.